

Kronikk & debatt



OVERHØRT

”Vi er likere enn vi tror.
Shazia Majid i VG

”Vi er i ferd med å miste
evnen til å være uenige.
Mikael Scott Bjerkeli i Aftenposten

”Da jeg var en ung gutt,
syntes jeg fyrverkeri og
kinaputter var det morsomste i
hele verden.
Martin Blekkerud i Dagbladet

”Det vi ikke trenger er lukta
av brent jord og smak av
svovel.
Maja Sojtaric i Nordnorsk Debatt

”På bare et år er verden
blevet en anden, og trusler-
ne kommer ikke kun fra øst, men
også fra vest, og derfor er Kong
Frederik også gået fra at være
familiekongen i mellemliderhabit
til vordende krigskonge.
Anne Sophia Hermansen
i Weekendavisen

”Hvis du er en siamesisk
kampfisk eller en bavian,
reagerer du på statusutfordrin-
ger ved å slåss. Men mennesker
oppnår status på mange slags vis
– ved å vinne et valg, bli kåret til
den beste haiku-forfatteren i sin
generasjon, snappe Nobelprisen
eller ha Beyoncé's telefonnummer.
Robert M. Sapolsky i New York Times

”En veletablert, selvsikker
alfahann havner sjelden i
slåsskamper – og har vanligvis
lavere testosteronnivå enn en
frenetisk utfordrer.
Robert M. Sapolsky

DELTA I DEBATTEN

Ønsker du å bidra til debatten? Vi har flere
flater i avisa for innsendte tekster.
debatt@klassekampen.no

Kronikk: Opptil 5000 tegn med mellomrom.
Hovedinnlegg: Opptil 4000 tegn.
Debattinnlegg: Rundt 2500 tegn.
Replikk/kort innlegg: Rundt 1000 tegn.

Redaksjonen forbeholder seg retten til å forkorte
innlegg. Innsenderens epostadresse inkluderes, med
mindre man reserverer seg mot dette. Klassekampen
honorerer normalt ikke innsendt stoff. Vi trykker kun
innlegg som sendes eksklusivt til oss. Alt som trykkes
i papiravisa, publiseres også på klassekampen.no.

KRONIKK

Kva er motstanden mot Bovaer
blant norske bønder egentleg uttrykk for?

Bovaer og bondekultur

O m Tine og
resten av
bondeeliten
innanfor
jordbrukets
jarntriangel
vel å lese
bønder og
forbrukarar sin skepsis til metan-
hemmaren Bovaer einast som eit
uttrykk for irrasjonell teknolo-
gifrykt trolla ut på sosiale media
frå kjellarleilegheiter, så gjer dei
ikkje berre seg sjølv ei bjørnete-
neste, men svekker også jordbru-
kets sjanse til å redusere sektorens
klimabelastning.
Skepsisen mange ber på, er tvert
om ein sosialt og kulturelt mei-
ningsfull respons på korleis tekno-
logi vert opplevd som inngripande
i etablerte moralske kategoriar, til-
litsforhold, profesjonelle identitetar
og maktstrukturar.

For meg er Bovaer eit praktdøme
på det den tyske sosiologen Ulrich
Beck snakka om då han hevda at
«moderne samfunn i aukande grad
vert dominert av 'produserte risi-
koar'». Med det meinte han risikoar
skapt av teknologiske og industri-
elle intervensjonar som er usynlege,
abstrakte og vanskelege å vurdere
for lekfolk.

Bovaer er eit
syntetisk
stoff.

Det påverkar mikrobiologiske
prosessar hjå dyra og er kjenne-
teikna av ein kunnskapsvisse
som ikkje fullt ut kan eliminert
gjennom tradisjonelle risikovur-
deringar. Derimot vert det hevda
å vere trygt innanfor gitte testpa-
rameter som – i tilfellet for Bovaer
– er parameter som bonden ikkje
har innsyn i eller føresetnadar til
å forstå.

Dermed fordrar Bovaer at
bonden stolar på industrien og til
dels også forvaltinga og forskinga.
Sett i samanheng med at tillita til
alle desse har blitt jamt svekka dei
siste ti åra – med god grunn, spør
du meg – så er det meste naivt
å tru at Bovaer ville gli inn utan
motstand.

For norske bønder inneber det
ei dobbel form for uvisse. Fyrst
knytt til sjølv teknologien og
langtidsverknadane stoffet kan
ha på dyrehelse, produktkvalitet
og driftsrisiko, og dernest til dei
sosiale konsekvensane knytt til å ta
det i bruk.

Som Beck hevdar, vert risiko eit
spørsmål om ansvar: Om noko går
gale, er det ofte dei lokale aktør-
ane (her: bøndene) som sit att
med kostnadane. Dette skapar ein
motstand som ikkje nødvendigvis
handlar om sjølv stoffet,

men om at tekno-
gien symboli-
serer ei

overføring av risiko frå industri og
forvalting til einskildbøndene.

Motstanda kan også lesast som
det den britiske antropologen
Mary Douglas kallar «kulturelle
kategoriar om reint og ureint». Her
hevdar Douglas at risiko ikkje
fyrst og fremst vert vurdert utifrå
tekniske eigenskapar, men frå
kulturelle kategoriar som «reint
og ureint» eller som me har sett
i Bovaer-debatten: naturleg og
unaturleg.

I fleire år no har me bygd opp ei
førestilling om rein, kortreist og lav
bruk av tilsetningar. Bovaer bryt
med den førestillinga og med det
bryt det også med etablerte *sym-
bolsk-moralske grenser*.

Skepsisen kan derfor sjåast på
som eit uttrykk for at førtiset-
ningar trugar eit grunnleggande
moralsk narrativ. Nemleg narrativet
om at norske husdyr et naturleg
fôr og ikkje teknologisk modifi-
sert fôr. Dette uavhengig av om me
finn reststoff i sluttproduktet eller
ikkje. Berre det at me gir det til
husdyr i utgangspunktet, utfordrar
kva norsk mat representerer. Nett
derfor vil også forbrukarskepsisen
ofte vere heilt uavhengig av dei vit-
skapelege risikovurderingane.

Går me til ein annan av
dei store seinmoder-
nitets-sosiolo-



gane, nemleg Anthony Giddens, så kan me sette dette saman med kor avhengig moderne samfunn har gjort seg av det han kallar «abstrakte system» – altså vitskap, teknologi og globale kunnskapsregimer – som einskildindivid lyt stole på utan å fullt ut forstå dei.

Bovaer er nett eit døme på det. For med denne teknologien så lyt bøndene sette sin lit til globale forskingsmiljø, kommersielle aktørar og internasjonale godkjenningssystemer. Dette utfordrar den tradisjonelt sterke norske tillita, då den alltid har vore sterkast mellom bøndene og dei nasjonale institusjonar, medan tillita til globale agroteknologiselskap er langt svakare.

DSM/Firmenich, som leverer Bovaer, er lang ifrå oss – det er med andre ord stor avstand ifrå avgjerdslar og handling, noko bonden fort vil oppleve som å vere avhengig av eit system hen ikkje har kontroll over. I Giddens sin terminologi oppstår det ein mangelfull «re-embedding»: Teknologien vert ikkje omsett raskt nok til den lokale konteksten, noko som igjen skaper sosial uvisse og motstand.

Dette fører oss til den franske filosofen og sosiologen Bruno Latour. For Bovaer kan også forståast som ein aktør, ein aktør som freistar å etablere nye relasjonar mellom bønder, dyr, førkjeder, klimarekneskap, politiske mål og forbrukarforventingar. I alle fall vil eg tru det er om lag slik Latour ville forstått det. For at teknologien skal bli stabil, lyt ulike aktørar «innrullerast» gjennom det Latour kallar omsettjing – ein prosess der aktørane får ei rolle i teknologinettverket som dei alle aksepterer. For tilfelle Bovaer i Noreg har denne omsetjinga stogga heilt opp på fleire punkt.

For det fyrste: Bønder oppfattar ikkje teknologien som ei løysing på sine egne problem, men på andre sine (staten, klimaavtaler,

industrien). Dette er også ei åtvaring, særleg til Bondelaget og Tine som kanskje har framsnakka Bovaer tydelegast. For korkje faglaget eller bondesamvirket er *oss* i samtalan mellom bønder i bygdene lenger, derimot er dei i ferd med å bli *dei andre*.

For det andre: Korkje forbrukarane eller bøndene ser nytta direkte, men derimot ser dei risikoframstillinga indirekte.

For det tredje: Teknologien kolliderer med etablerte nettverk av tradisjonell fôrpraksis, nasjonal merkevarebygging og lokal agronomisk kunnskap.

I sum kan ein – i tråd med Latour – seie at når teknologien ikkje klarer å etablere seg som eit obligatorisk passeringspunkt – altså ein nausynt lekk i produksjonen – då oppstår motstand og forseinkingar i implementeringa.

Motstanden mot Bovaer må forståast i lys av landbrukets særstilling som kulturelt, politisk og økonomisk felt. Teknologien aukar kompleksiteten i eit system som alt balanserer mellom lokal autonomi, globale markadar og nasjonale klimamål. Skepsisen er derfor eit uttrykk for ei breiare samfunnsmessig spenning mellom industrielle teknologiske løysingar og et norsk landbruksnarrativ som byggjer på naturlegheit, tradisjon og tillit til lokale institusjonar. Ei vellukka implementering av metanhemmar i norsk drøvtyggarproduksjon krev derfor ikkje berre teknologisk dokumentasjon, men sosial forankring, kulturell legitimitet og reetablering av tillit i dei abstrakte systema som teknologien representerer.

«Bovaer fordrar at bonden stolar på industrien»

Bjørn Egil Flo
Forsker ved Nibio
Bjorn.Flo@nibio.no



ILLUSTRASJON: KNUT LØVÅS, KNUTLVAS@GMAIL.COM

EU

Björgulv Braanens historiske bølgesus

■ I innledningen til Romatraktaten nevnes *bevaring av fred og frihet* som et av samarbeidets *hovedmål*. Bakteppet var de forutgående verdenskriger, men også de mange øvrige kriger som hadde herjet Europa, ofte i en alles kamp mot alle om land, ressurser og avgjørelsesmakt. Denne historiske erkjennelsen – og forankringen – har fulgt med i alle senere traktatutvidelsers innledende paragrafer, slik det for eksempel kommer til uttrykk i den danske versjonen av Maastrichttraktaten (1992) som ligger til grunn for dagens EU: [De europeiske stats- og regjeringssjefer] «som erindrer om den historiske betydning af at bringe det europeiske kontinents deling til ophør og om behovet for at tilvejebringe et solidt grundlag for opbygningen af fremtidens Europa».

Det er dermed en ganske freidig – nesten ahistorisk – analyse Braanen presenterer på tampen av 2025 under overskriften «Historiens bølgesus» (Klassekampen 30. desember). At Braanen utviser en ubøyelig iver etter å mistenkeliggjøre motivene til de av oss som mener at overnasjonalt europeisk samarbeid er den beste vei å følge i kampen for å bevare og videreutvikle et Europa i fred, frihet og basert på felleseuropeiske verdier, får så være. Men denne hans utmaling – med bred penn – av Europas historie som en sammenhengende bølgebevegelse mellom nasjonenes heroiske kamp

for sjølråderett på den ene siden og ulike imperiale krefter på den annen, kan ikke få stå uimotsagt. Det at dagens EU slås i hartkorn med Cæsars Romerrike, Karl den stores karolingerstyre, pavekirkens makt over stater og enkeltborgere – ja til og med Hitlers drøm om et germansk verdensherredømme – er sterk kost i seg selv. Men når Braanen i tillegg glatt utelater enhver referanse til at det er nettopp disse historiske erfaringene som ligger til grunn, og som var og er hoveddriveren bak dagens forpliktende europeiske samarbeid, da grenser det til uetterrettelighet.

Det er tydeligvis nødvendig å minne om at dagens EU er resultat av et høyst frivillig, men forpliktende samarbeid mellom 27 selvstendige europeiske stater. Samtidig kan det ikke unnsås at vi nå gjennomlever dramatiske tider hvor sterke nasjonalistiske og isolasjonistiske krefter truer EU-samarbeidet og dets fundamentale mål både innen- og utenifra. Det kan synes som om Braanen hilser denne utviklingen velkommen? Det er nå kampen står, og jeg hadde heller ønsket Norge på innsiden kjempende for Europas felles verdier, skulder ved skulder med våre allierte og naboer.

Ketil Dønne
Historiker og statsviter
Ketildjonne53@gmail.com

KULTUR

Ingen sko å fylle

■ Hva er det for slags forestillinger som ligger under *å fylle noens sko*, slik det spørres i artikkelen «Neste ledd i kongerekka» i Klassekampen på nyttårsaften? En journalistisk vri for å få oss interessert? Kulturpersonligheter lager ikke noen *kongerekke*. Men bordet fanger når en journalist spør om navn – ikke på uredde, viktige stemmer i dag, men på hvem som er *arvtakere*. Av hva, til hva? Det kan være fruktbart å sammenlikne forfattere og forfatterskap, men det er noe annet og mye åpnere redelig en å sause det inn i metaforene *fotspor*, *sko* og *arvtaker*.

Artikkelen var ellers god, hvis den fikk skrellet av metaforbruken. Ta nå Bleken. Journalisten spør om det finnes noen som arbeider i Håkon Blekens ånd? «Det er enorme sko å fylle, utbryter kunstkritiker Mona Pahle Bjerke når vi ringer.» Hvis «store sko» står for unike kvaliteter, så er det også snakk om hvilke kvaliteter. Var det bedre å bare spørre om kvaliteter?

Noen av de intervjuede fanges inn av metaforen. Andre bruker den som en mulighet til implisitt krittikk: «Forfatter og redaktør Trygve Riiser Gundersen vegrer seg mot å peke ut etterfølgere til åndskjemper som gikk bort i år.»

Forlagsbransjen er endret. Kommersialiteten endret. De livsvilkårene vi i dag lever under i vårt lille Norge, er virkelig annerledes enn for kort tid siden. Det er første dag i det nye året, og jeg sender melding til en venn i Tyrkia, en i Spania, mine barn og barnebarn og oldebarn ulike steder i Norge. De sender bilder og videoer. Jeg har og jeg har ikke forandret meg. Min evne til å sette meg inn hodene til de som vokser opp i dag, kan ikke strekke til. Vi møtes i våre smerter og gleder, noe er det samme, om alt virker annerledes.

Torun Berntsen
Skien
torun.be@online.no